



RÅDSMEDLEMMENE

INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Dato: Onsdag 27.04.2016

Klokka 09.00 – 14.00

Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus

Møteplanen i Hardangerrådet IKS godkjent 17.09.2015 gjeld som møteinnkalling.

Agenda:

09.00 – 09.15	Cruise Destination Hardangerfjord – orientering ved Helge Møller
09.15 – 12.00	Sakshandsaming
12.00 – 12.30	Lunsj
12.30 – 13.00	Harding Puls - Orientering ved Solfrid Aksnes
13.00 – 14.00	Fylkesmannen v/ Landbruksdir. Åse Vaag - Orientering

Saker til handsaming:

HR-sak	20/16	Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 28/16.
HR-sak	21/16	Meldingar
HR-sak	22/16	Hardanger-Berlin. Vidareføring av leigeavtale for Kunstnarbustaden i Berlin.
HR-sak	23/16	NTP 2018 – 2029 Høyringsuttale til Hordaland fylkeskommune Høyringsfrist 13. mai 2016.
HR-sak	24/16	Vedlikehald av bustad- og jobbopplysningar på hardanger.com. Søknad om midlar frå «restmidlar RNH» innleige av ressurs til vedlikehald 2016 – 2017.
HR-sak	25/16	Bruk av endra Hardangerlogo. Søknad frå Reisemål Hardanger Fjord.
HR-sak	26/16	Status for kommunestrukturprosessen i Hardanger – Gjensidig informasjon frå kvar kommune
HR-sak	27/16	Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.
HR-sak	28/16	Orienterings- og drøftingssaker

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 20.04.2016

Jon Larsgard/s
Rådsordførar

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar




Møtedato 27.04.2016	Saksansvarleg Trude L. Rinaldo
---------------------	--------------------------------

HR-sak 21/16 Meldingar

- Melding 1 Folkehelsa i Hordaland 2016 – ei kunnskapsoversikt.
- Melding 2 Svar frå det Det kongelige Hoff, av 18.4.2016 .
- Melding 3 Godkjenning bruk restmidlar frå Hfk, 11.4.2016
- Melding 4 Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane – 2016, av 20.4.2016.

Melding
RF
HR.

Til våre samarbeidspartar

 Hardangerrådet iks		
Saksbeh:	Kopi til:	
18 MAR 2016		
Saksnr.:	Dok.nr.:	Løpenr.:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

Dato: 19.02.2016
Vår ref.: 2015/976-35
Saksbehandlar: ainhaug
Dykkar ref.:

Folkehelsa i Hordaland 2015 - ei kunnskapsoversikt

Hordaland fylkeskommune har nyleg publisert «Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt». Det er første gang ei slik oversikt har blitt laga i vår organisasjon. Representantar frå alle avdelingar i fylkeskommunen har vore deltakande i arbeidet. I tillegg har representantar frå Bergen kommune, NAV og Husbanken delteke.

Oversikta er utarbeidd i tråd med Folkehelselova og Forskrift om oversikt over folkehelsen. Det vil seie at den inneheld breidda i temaområde som Forskrifta skisserer, i tillegg til at det blir gjort vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar undervegs. Det har blitt lagt vekt på å gjere synleg både positive og negative forhold, både i val av variablar og i den samla vurderinga av fylket. Det er lagt større vekt på område som er særskilt relevante for det fylkeskommunale virkeområdet, og slik sett vil denne oversikta kunne utfylle og komplettere dei kommunale folkehelseoversiktene.

For kvart av temaområda blir det presentert faktakunnskap, statistikk og surveydata, samt vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar. Det er og gjort analysar av data. Ei oppdatert utgåve av «Risikoindeks for folkehelse» er også del av folkehelseoversikta. Dette er ei vidareføring og vidareutvikling av eit arbeid som vart starta i 2012, og som vil vere del av folkehelseoversikta også i framtida.

Folkehelseoversikta blir brukt som grunnlagsdata i arbeidet med Regional planstrategi. Oversikta vil og bli nytta i våre fagavdelingar som eit utgangspunkt for tiltak og prioriteringar i dei neste fire åra.

Vi håpar dette kan bidra til å inspirere og motivere til mykje godt folkehelsearbeid både lokalt og regionalt i dei neste fire åra.

Vedlagt følgjer eit trykt eksemplar av folkehelseoversikta. De kan òg laste ned ein pdf-versjon av oversikta frå våre nettsider.

God lesing!

Med helsing

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fra: Norberg, Reidun S. <reidun.norberg@slottet.no>
Sendt: 18. april 2016 14:45
Til: Post Hardangerradet
Kopi: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Emne: 16/00284 - Kongeparets offisielle besøk

Jeg viser til Deres brev av 28. januar 2016 vedrørende ønsket om å invitere Kongeparet til et offisielt besøk til Hardanger.

Samtidig viser jeg til dagens telefonsamtale og beklager at henvendelsen ved en feil ikke har blitt besvart på et tidligere tidspunkt.

En invitasjon kan sendes enten via fylkesmannen eller direkte til Slottet med kopi til fylkesmannen.

Med vennlig hilsen

Knut Brakstad
H.M. Kongens privatsekretær
Knut.Brakstad@slottet.no
Mob 958 30 967 Tel 22 04 88 18

DET KONGELIGE HOFF
Det Kongelige Slott, 0010 Oslo
Tel 22 04 87 00
www.kongehuset.no

Denne meldingen er bare ment for mottakeren, og kan inneholde fortrolige opplysninger eller annen privat informasjon. Hvis du mottar denne ved en feil, vennligst varsle avsender og slett meldingen. This message is for the designated recipient only and may contain privileged or otherwise private information. If you are not the intended recipient, please notify me immediately and delete the message.

Rinaldo Trude

Fra: Eitrheim Jostein
Sendt: 11. april 2016 13:58
Til: Rinaldo Trude
Emne: VS: Restmidlar frå Regionalt Næringsfond Hardanger

 Hardangerrådet iks		
Saksbeh:	Kopi til:	
Næringsfond Hardanger		
11 APR 2016		
Saksnr.	Dok.nr.:	Løpenr.:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

Fra: Hans Inge Gloppen [<mailto:Hans.Inge.Gloppen@hfk.no>]
Sendt: 11. april 2016 13:57
Til: Eitrheim Jostein
Emne: SV: Restmidlar frå Regionalt Næringsfond Hardanger

Det går greit.

Venleg helsing

Hans Inge Gloppen
Spesialrådgjevar
Regionalavdelinga | Næringsseksjonen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Tlf: 55 23 92 88
www.hordaland.no

Fra: Eitrheim Jostein [<mailto:Jostein.Eitrheim@hardangerradet.no>]
Sendt: 29. mars 2016 09:44
Til: Hans Inge Gloppen
Emne: Restmidlar frå Regionalt Næringsfond Hardanger

Hei !

Vi skal i dag ha møte i Team Hardanger og eg ønskjer å gje nokre signal til denne gruppa vedr. mogleg disponering av restmidlane i RNH i samsvar med avgrensingane som var gjeldande for tildeling avRNH-midlar. Eg tok opp dette med deg i telefonsamtale tidlegare.

Har du synspunkt på om vi kan nytta restmidlane slik ?

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet iks
Jostein Eitrheim
Dagleg leiar
post@hardangerradet.no
Tlf 53 67 14 50 / 47 66 95 24





Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Mld HR

Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 5902, 5902 Betanstad
Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik
Regionrådet Vest, c/o Øygarden kommune, Tordalsholmenvegen 2,
5337 Rong
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

Vår dato 20.04.2016		Vår referanse 2015/16043 331.2	
Dykkar dato		Dykkar referanse	
Saksbeh:		Kopi til:	
20 APR 2016			
Søknad, 5902 Betanstad		Ispern.:	
Tordalsholmenvegen 2,		U.off.:	

Skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2016

Fylkesmannen har i brev av 17. desember 2015 invitert kommunane til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt. Prosjektmidlane er ein del av skjønsmidlane, som inngår i rammeoverføringa. Fylkesmannen har tidlegare fordelt kr. 94,4 mill. av den samla skjønnsramma på kr. 127,7 mill. i fylket for i år.

Av den delen av skjønsmidlane som står att (kr. 33,3 mill.), blir no kr. 14,75 mill. fordelt som ordinært prosjektskjønn til fornying- og innovasjonsprosjekt i kommunane. Det blir gitt tilskot til 32 av søknadene etter at Fylkesmannen har motteke til saman 59 søknader frå kommunane. Samla søknadsbeløp er i underkant av kr. 37,0 mill.

Etter at det no er fordelt kr. 14,75 mill. i prosjektskjønn, vil det vere ei attståande skjønnsramme for i år på kr. 18,55 mill. Denne ramma vil bli fordelt i samband med:

- Busetjing av flyktningar
- Satsing mot barnefattigdom
- Generell fordeling i året og til uventa hendingar

I brevet vårt av 17. desember 2015 er det gjort nærare greie for prosessen i samband med tildelinga. Regionråda har no ei koordinerende rolle i samband med søknadsprosessen, for å ha ei sterk interkommunal forankring på høgt politisk nivå, også med sikte på prioritering mellom søknader og prosjekt.

Vi har i tildelinga i stor grad bygd på regionråda sine prioriteringar mellom prosjektsøknadene.

Fylkesmannen legg elles til grunn følgjande ved tildelinga av skjønsmidler til fornying og innovasjon:

- i første rekkje tilskot til utviklingsarbeid når dette blir organisert gjennom interkommunalt samarbeid

- kommunane må sjølv delta økonomisk eller med arbeid. Hovudregelen er at skjønsmidlane ikkje skal utgjere meir enn 50 prosent av kostnadene
- det skal ikkje vere eit årleg tilskot over ein lengre periode. Det skal først og fremst vere tilskot i samband med oppstarting
- det blir ikkje gitt tilskot når hovudføremålet er næringsutvikling.

Det er gjort følgjande fordeling mellom føremål, i mill. kr.:

- Barn og unge	2,6
- Helse og omsorg	4,4
- By- og tettstadsutvikling	0,7
- Beredskap og samfunnstryggleik	1,8
- Interkommunalt plansamarbeid	2,3
- Miljøvern og landbruk	2,2
- Andre føremål	0,7
Sum	14 ³ / ₄

Vedlagt følgjer oversyn over dei tiltaka som får prosjektmidlar i år. Oversynet blir lagt på heimesida vår.

Vi ber alle som er tildelt midlar gi tilbakemelding om det som er gjort og korleis midlane er brukte. Rapportering for prosjektskjønn 2016 må bli gjort i den same databasen som er blitt nytta for søknader for 2016, det vil seie: <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Frist for rapportering for 2016 er 01.februar 2017. Tidsfristen for tilbakemelding kan bli endra.

Vi ønskjer lukke til med prosjekta !

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

2016

Oversyn prosjektsøknader

Kommune	K.nr.	Tema	Søknad	Prioritering reg.rådet	Søknadsbeløp	Tilskot
Granvin	1234		Planregister og digitalisering i Hardanger. Nr. 61	H - 1	475 000	475 000
Ullensvang	1231		Prosjektkoordinator for busetjing av mindre- årige flyktningar. Nr. 57	H - 2	200 000	200 000
Granvin	1234	Skule	Utgreiing av felles ungdomsskule for Eidfjord, Ulvik og Granvin. Nr. 19	H - 3	200 000	200 000
Odda	1228		Helselederutdanning. Nr. 17	H - 4	400 000	400 000
Kvam	1238		Moglegheitsstudie - Øystese. Nr. 30	H - 5	300 000	300 000
Odda	1228		Kvardagsrehabilitering.	H - 6	400 000	-
Kvam	1238		Prosjekt framtidsetta og gode helse- og omsorgstenester. Nr. 34	H - 7	460 000	-
Odda	1228		Digital egenomsorg. Nr. 20	H - 8	200 000	-
Kvam	1238		Fellesløsning for slamhåndtering på Vestlandet. Nr. 58		500 000	500 000
Odda	1228	By- og tettstads-	Lyssetting av Smelteverkstomta i Odda. Nr. 9	H - 9	500 000	400 000
Odda	1228	utvikling	Synleggjering av Odda Smelteverk i media.	H - 10	200 000	-
Odda	1228	Andre føremål	Industrisymposium og industriell identitet. Nr. 23	H - 11	450 000	-
Granvin	1234	Kommune- reform	Informasjonsavis kommunesamanslåing i Hardanger. Nr. 12	H - 12	55 000	-
SUM					4 340 000	2 475 000



Møtedato 27.04.2016	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak 22/16 Hardanger-Berlin. Vidareføring av leigeavtale for Kunstnarbustaden i Berlin.

Saksvedlegg:

Gjeldande leigeavtale
Retningslinjer for Hardanger – Berlin endra 11.09.2014

Sakstilfang:

Innspel frå Hardanger Kulturråd i møte 7.04.2016:
Hardanger Kulturråd (HK) tilrår ei vidareføring av leigeavtale for Kunstnarbustaden i Berlin.
HK føreslår nokre endringar i retningslinjene for Hardanger – Berlin.

Hardanger Kulturråd drøfta desse punkta i samsvar med forlenging av ordninga:

- Viktig å ha eit slikt tilbod for «lokale» kunstnarar. HK tilrår ei vidareføring av ordninga.
- Tildeling av opphald for:
 - Yngre kunstnarar
 - Kunstprodusentar/Kuratorar
- HK tilrår å gje høve for kortare opphald (Idag minimum 1 måned) 2 veker som nytt tilbod.
- HK meiner de må vera krav om at den som har hatt opphald i husværet i Berlin må presentera noko innanfor sitt kunstneriske virke i ei regional samling etter opphaldet.

Saksutgreiing:

Leigeavtalen for husværet i Berlin er oppseieleg med 3 månaders varsel.

Hardangerrådet iks handsama spørsmålet om vidare drift av kunstnarhusværet i Berlin og gjorde slikt vedtak 11.9.2014:

«HR sak 34/14: Hardanger Berlin vidareføring frå 2015

Hardangerrådet iks oppettheld tilbodet til kunstnarar i regionen om opphald i Kunstarhusværet Hardangerrådet disponerer i Berlin.

For å dekkja manglande finansiering inviterer Hardangerrådet Voss kommune til å delta i ordninga. Viss Voss kommune takkar nei, så vert stipendet til brukarane avvikla frå og med 2015.

Retningslinjene vert endra i samsvar med dette.»

I 2015 fekk me til stipend frå Sparebankstiftinga. Fom 2016 er stipend ikkje ein del av ordninga.

Kommune	Hardangerråds-Nøkkelen	10 månader 2015	12 månader 2016	12månader 2017	2 månader 2018	I alt 3 år
Eidfjord	10 %	10 000	12 000	12 000	2000	36 000
Granvin	8 %	8 000	9 600	9 600	1600	28 800
Jondal	8 %	8 000	9 600	9 600	1600	28 800
Kvam	26 %	26 000	31 200	31 200	5200	93 600
Odda	26 %		0			
Ullensvang	14 %	14 000	16 800	16 800	2800	50 400
Ulvik	8 %	8 000	9 600	9 600	1600	28 800
	100 %	74 000	88 800	88 800	14 800	266 400

Prosjekt 106 Hardanger-Berlin:
Regnskap for 2015 viser eit driftsresultat på kr 1.224.

Driftsinntekter (tilskot m.m.)	160.316
Varekostnad (stipend m.m.)	31.115
Annan driftskostnad	127.977
Sum Driftskostnader	159.092
Driftsresultat	1.224

Saksvurdering:

Med bakgrunn i dagens kurs for EURO er det sannsynleg at kostnadene for husleige, straum og inventar vil auka med om lag kr 10.000 samanlikna med 2015.

Denne kostnadsauke må dekkjast inn særskilt då vedteke tilskot frå kommunane ikkje vil vera tilstrekkeleg.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet iks vedtar å oppretthalda leigeavtalen for kunstnarhusværet i Berlin for 3 nye år dvs. 2017 – 2018 – 2019.

Forlenging av avtalen forutset at:

- Alle 7 Hardangerkommunane deltar i ordninga med kostnadsfordeling i samsvar med Hardangerrådsnøkkelen.
- Tilbodet om opphald gjeld for utøvande kunstnarar, kunstprodusentar og kuratorar med tilknytning til Hardanger.
- Periode for opphald vert anten 1 mnd eller 2 veker. Tildelingsnemnd førestår fordeling av opphald mellom innkomne søknader.

RESULTAT

Hardangerrådet IKS

2015

Side 1
27.01.2016 12:52:13

Margaret Hus

106 - Hardanger - Berlin

Summer alle tidl. år ,Prosjekt 106-Hardanger - Berlin Periode 0-12

	Denne periode 2015	Total hittil	% salg	Budsjett hittil 2015	% brukt	Tidl. år 2008-2014	% salg
SALGSINNTEKT							
3440 - TILSKOT FRÅ KOMMUNANE	-94 000	-94 000	10	-93 000	101		
3441 - TILSKOT/ KUNSTNARHUSVÆRE I		-692 000	75			-692 000	91
3444 - TILSKOT FRÅ ANDRE	-30 000	-30 000	3	-20 000	150		
3449 - OVERFØRT RESULTAT PROSJEKTER	-33 805	-108 734	12			-74 929	10
3490 - PERIODISERING TILSKUDD/INNTEKTER	-2 511					2 511	
Sum SALGSINNTEKT	-160 316	-924 734	100	-113 000	142	-764 418	100
ANNEN DRIFTSINNTEKT							
3900 - MVA REFUSJON DRIFT	-2 063	-6 820	1			-4 758	1
3910 - BETALT MVA DRIFT	2 063	6 820	-1			4 758	-1
SUM DRIFTSINNTEKTER	-160 316	-924 734	100	-113 000	142	-764 418	100
VAREKOSTNAD							
4500 - FREMMEDYTELSER OG UNDERENTREP.	5 585	21 615	-2			16 030	-2
4504 - STIPEND/TILSKUDD	20 000	115 624	-13	30 000	67	95 624	-13
Sum VAREKOSTNAD	25 585	137 239	-15	30 000	85	111 654	-15
LØNSKOSTNAD							
5000 - LØNN TIL ANSATTE		1 500				1 500	
5330 - GODTG. TIL STYRE OG BED.FORS.	5 000	9 250	-1			4 250	-1
5332 - MØTEGODTGJØRELSE		4 781	-1			4 781	-1
5400 - ARBEIDSGIVERAVGIFT	530	1 140				610	
Sum LØNSKOSTNAD	5 530	16 670	-2			11 140	-1
ANNEN DRIFTSKOSTNAD							
6301 - LEIEAVTALE BERLIN	85 117	522 059	-56	70 000	122	436 942	-57
6302 - INVENTAR LEILIGHET BERLIN		20 481	-2			20 481	-3
6340 - LYS VARME	9 378	33 253	-4	10 000	94	23 875	-3
6540 - INVENTAR	4 278	38 065	-4	3 000	143	33 787	-4
6551 - DATAUTSTYR		5 114	-1			5 114	-1
6790 - ANDRE FREMMEDE TJENESTER		31 450	-3			31 450	-4
6791 - INNBERETNING SELVST		14 707	-2			14 707	-2
6792 - MOTPOST KONTO6791		-14 707	2			-14 707	2
6800 - KONTORREKVISITA		1 598				1 598	
6860 - MØTER,KURS OPPDATERING		3 297				3 297	
6907 - BREIBAND		2 405				2 405	
7100 - BILGODTGJØRELSE OPPGAVEPLIKTIG	1 530	6 019	-1			4 489	-1
7130 - REISEKOSTNADER OPPGAVEPLIKTIGE		1 210				1 210	
7140 - REISEKOSTN.IKKE OPPGAVEPLIKTIG	18 249	50 664	-5			32 415	-4
7150 - DIETTKOSTNADER OPPGAVEPLIKTIGE	4 500	25 350	-3			20 850	-3
7320 - REKLAMEKOSTNADER	4 925	24 433	-3			19 508	-3
7770 - BANK-OG KORTGEBYRER		236				236	
7790 - ANDRE KOSTNADER		151				151	
Sum ANNEN DRIFTSKOSTNAD	127 977	765 783	-83	83 000	154	637 806	-83
SUM DRIFTSKOSTNADER	159 092	919 692	-99	113 000	141	760 600	-100
Sum DRIFTSRESULTAT	-1 224	-5 042	1		101997	-3 818	
ANNEN RENTEINNTEKT							
8050 - ANDRE RENTEINNTEKTER		-147				-147	
8060 - VALUTAGEVINST(agio)		-772				-772	
8070 - ANDRE FINANSINNTEKTER	-184	-1 892				-1 708	
Sum ANNEN RENTEINNTEKT	-184	-2 811				-2 627	
ANNEN FINANSKOSTNAD							
8160 - VALUTATAP (disagio)		448				448	
8170 - ANDRE FINANSKOSTNADER	1 408	6 297	-1			4 889	-1
Sum ANNEN FINANSKOSTNAD	1 408	6 745	-1			5 337	-1
Sum ORDINÆRT RESULTAT FØR		-1 108				-1 108	
Sum ORDINÆRT RESULTAT		-1 108				-1 108	
Sum ÅRSRESULTAT		-1 108				-1 108	
Sum RESULTAT		-1 108				-1 108	



Møtedato 27.04.2016	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak **23/16 NTP 2018 – 2029 Høyringsuttale til Hordaland fylkeskommune**
Høyringsfrist 13. mai 2016.

Saksvedlegg:

Utkast til uttale frå Hardangerrådet til NTP 2018 – 2029
Brev frå Hordaland fylkeskommune vedr. Invitasjon til å gje innspel.

Sakstilfang:

Saksutgreiing:

Hardangerrådet vert invitert til å gje innspel til det framlagde grunnlagsdokument for NTP 2018 – 2029.

Utkastet til uttale byggjer på hovdepunkta i grunnlagsdokumentet, prioriteringane i Samferdsleplan for Hardanger 2014 – 2023 og punkta i uttale frå forrige revisjon i 2012.

Saksvurdering:

Hardangerrådet presiserer i uttalen at det er avgjerande å halda fast ved Høg ramme for investeringsnivået i planen.

Vedlikehaldsetterslepet må reduserast vesentleg gjennom perioden og dette krevet auka løyvingar til drift for vegnettet i Hardanger.

Uttalen er bygd opp med desse hovudoverskriftene:

- 1. Generell kommentar:**
- 2. Hardangerrådet er samd med transportetatane at høg prioritering av drift og vedlikehald er naudsynt for å ta att lagt tids forsøming og støttar Høg ramme for vedlikehaldsmidlar.**
- 3. Hardangerrådet krev investeringsnivå i samsvar med høg ramme for vegsektoren.**
- 4. Skredsikring.**
Hardangerrådet krev 2 mrd. årleg til nasjonal rassikring og trygge fjordvegar
- 5. Hardangerrådet forventar gul stripe på riksvegane i Hardanger.**
- 6. Ny vegpakke frå Hardanger må fremjast i NTP-perioden.**
- 7. Hardangerrådet ber om omdefinering av Fv 7 Trengereid –Norheimsund - Granvin til Riksveg.**
- 8. Turistveg Hardanger og vegutbygging i Hardanger må arbeida saman.**
- 9. Hardangerrådet meiner at reisetida med Bergensbanen Oslo – Bergen må ned til 4t og 15 min i neste planperiode og at større godsmengder må overførast frå vegane til Bergensbanen.**
- 10. Høgfartsjernbanestruktur i Noreg må besluttast i planperioden.**
- 11. Dei regionale flyplassane Flesland og Helganes må få rammevilkår til å vidareutvikla seg som internasjonale lufthamner.**
- 12. Hardanger vil verta ein stor cruisehamndestinasjon.**
- 13. Gang og sykkelvegar langs Riksvegane i landet.**

Framlegg til vedtak:

Uttale til Nasjonal Transportplan 2018 – 2029 vert vedteken slik den ligg føre etter gjennomgang i Hardangerrådsmøtet 27.04.2016.

Vedl. NTP sak



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

SAMFERDSELSAVDELINGA
Transportplanseksjonen - SAMF AVD

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 06.04.2016
Vår ref.: 2014/21176-21
Saksbehandlar: marerik
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Nasjonal transportplan 2018-2029_ invitasjon til å gje innspel

Grunnleggsdokumentet til Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029 er sendt på høyring med frist 1. juli 2016.

Hordaland fylkeskommune skal handsame sin uttale til NTP på fylkestinget 14/15. juni 2016.

Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Bergen Næringsråd samt NHO og LO har tatt initiativ for å få fram felles prioriteringar i høyringa. Som eit ledd i dette vert det arrangert eit innspels- og høyringsmøte 13. april 2016.

I tillegg til innspels- og høyringsmøte ønskjer Hordaland fylkeskommune å invitere kommunane og relevante organisasjonar til å kome med skriftlege innspel. Innspela vil vere ein del av grunnlaget for utforming av Hordaland fylkeskommune sin uttale og vert lagt ved som vedlegg til den politiske saka. Vi ser gjerne at kommunane koordinerer sine innspel gjennom regionråda.

Vi ber om at innspela vert meldt til Marte.Eriksrud@hfk.no innan fredag 13. mai 2016.

For relevante dokument og informasjon om arbeidet med NTP sjå: <http://www.ntp.dep.no/>

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Marte Hagen Eriksrud
Rådgevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg
2 image001



Hardangerrådet iks



Hardanger

NASJONAL TRANSPORTPLAN (NTP) 2018-2029. FRÅSEGN 27.04.2016

Tillegg til saksutgreiing i HR-sak 23/16

Vedtak:

Hardangerrådet er regionråd for dei 7 kommunane/herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik.

Hardangerrådet har i møte av 27.04.2016 drøfta framlegg til NTP 2018-2029 frå dei statlege transportetatane og Avinor og vedteke å gi følgjande samla uttale frå Hardangerrådet:

1. Generell kommentar:

Hardangerrådet vil peika på at no etter funksjonsfordelinga av vegsektoren mellom stat og fylke så føreheld denne uttalen seg til Nasjonal Transportplan.

Hardangerrådet forventar at Staten føl opp denne fordelinga med betydeleg midlar slik at fylkeskommunane kan vera aktiv vegeigar med både drift, vedlikehald og investeringar.

Hardangerrådet krev at NTP vert vedteken med Høg ramme for investeringsplan.

Hardangerrådet viser til kommunane/herada i Hardanger sine moglege eigne meir spesifikke uttalar til NTP 2018 – 2029 og vil utarbeida ei samla samferdselsprioritering for regionen i 2016.

2. Hardangerrådet er samd med transportetatane at høg prioritering av drift og vedlikehald er naudsynt for å ta att lagt tids forsøming og støttar Høg ramme for vedlikehaldsmidlar.

Etterslepet for vedlikehald på fylkesvegnettet i Norge er estimert til om lag 62 mrd i 2016.

Etterslepet for Hordaland (og Hardanger) er mellom det største i landet. I NTP-dokumentet er det slått fast at strekningar med dårleg kurvatur, liten vegbreidd, lave undergangar og bruer med totalvekt mindre enn 60 tonn vil framstå som flaskehalsar. På fylkesvegnettet i Hardanger finn ein mange døme på slike flaskehalsar.

Berekna behov for drift og vedlikehald på fylkesvegnettet er 19 mrd for heile planperioden.

Det vil vera mogleg å nå vedtekne nasjonale mål med dei økonomiske rammene som er gjeve som grunnlag for NTP 2018 – 2029 og dei verkemiddel som er føreslegne tekne i bruk med Høg ramme. Dei andre planrammene er for små. Noreg har hamna håplaust på etterskot både i forhold til vedlikehald og investeringar, både når det gjeld veg og jernbane.

3. Hardangerrådet krev investeringsnivå i samsvar med høg ramme for vegsektoren.

Hardangerrådet er positiv til at nokre store vegprosjekt er med i NTP-framlegget. I den samanhengen vil me peika på følgjande:

- E 16 Voss - Stanghelle
- E 134 Røldal – Seljestad

- E 134 Vågslid – Røldal

Hardangerrådet forventar auka midlar til følgjande prosjekt i planperioden:

- Oppstart av Røldal – Seljestad: E134 tunnelane Seljestad – Røldal og Røldal – Vågslid vert bygd i tråd med Statens Vegvesen sine planar i NTP-perioden 2018 – 2029 og med oppstart så tidleg som mogeleg i første del av planperioden 2018 – 2029.
- Rv 13 Planavklaring og bygging av ny trase i Oddadalen, i samarbeid med Odda vegfinans, og Odda sentrum x Fv 550/551 i løpet av planperioden.
- Rv 13 Odda – Kinsarvik med utbetring av smale parti som trafikksikringstiltak og nyanlegg. Tunnel Stana - Skjelvik i Odda kommune.
- Kinsarvik- Bu x Rv 7 - Utbetring av smale parti som trafikksikringstiltak i planperioden og nyanlegg ved Kyrkjenes, Tveisme og Ringøy i tråd med KU for Ullensvang Herad av 2007 og godkjende planar.
- Rv 7 Snarleg igangsetjing av KVVU for Hardangervidda mellom Haugastøl og Maurseth.
- RV 7 Garen-Maurseth vert bygd i planperioden og Eidfjordtunnel får oppgradert tunnelprofil.

4. Skredsikring.

Hardangerrådet krev 2 mrd. årleg til nasjonal rassikring og trygge fjordvegar

Nasjonal rassikringsgruppe har eit uttalt mål om at det offentlege vegnettet i Norge skal vera sikra mot ras innan 2030. Hardangerregionen har fleire av dei alvorlegaste raspunkta og rasstrekningane i Norge. Å sikra rastrygge vegar må vera eit minstekrav for å ta heile landet i bruk og skapa busetnad og næringsutvikling i distrikta. Dette gjeld skulevegar, pendlarvegar, næringstransport og ikkje minst fritidsreisande i ein av landets største reiselivsregionar, Hardanger. For å nå målsetjinga til Nasjonal rassikringsgruppe må arbeidet prioriterast gjennom heile NTP-perioden 2018 – 2029.

Hardangerrådet er skuffa over at det ikkje er funne plass for fleire viktige rassikringsprosjekt i NTP 2018 – 2029. Her er med:

- Rv 13 Øvre Lonevatn

Hardangerrådet krev at følgjande rassikringstiltak vert prioriterte inn i NTP 2018 - 2029:

- Rv 13 Odda - Tyssedal vert prioritert til første del av planperioden.
- Rv 13 Rassikring av Aurskreda i Odda kommune vert prioritert i planperioden.
- Rv 13 Rassikring Fresvik-Stana i Ullensvang/Odda vert prioritert i planperioden.
- Rv 7 Kyskreda/Bergafallet i Eidfjord kommune vert prioritert i planperioden.

5. Hardangerrådet forventar gul stripe på riksvegane i Hardanger.

Når Stortinget har bestemt at Rv 7 og Rv 13 er riksvegar så forventar Hardanger riksvegstandard med gul stripe og vegbreidde på 8,5 m, i visse parti 7,5 m, og tilfredstillande geometri. Hardangerrådet viser mellom anna til Plan for Stamveg Rute 4 c av 2006 og Konsekvensutgreiing for Rv 13 gjennom Ullensvang av 2007.

6. Ny vegpakke frå Hardanger må fremjast i NTP-perioden.

Med bakgrunn i det store etterslepet på veginvesteringar i Hardanger, så tek kommunane i regionen initiativ til nye samordna vegpakkar med eller utan bompengar.

Oddapakken er under utarbeiding og regulerer stamvegføringa i sentrum av Odda by og som skapar trygg veg i Oddadalen.

7. Hardangerrådet ber om omdefinering av Fv 7 Trengereid –Norheimsund - Granvin til Riksveg.

Hardangerrådet viser også til innspelet til Samferdselsdepartementet å etablere Fv 7 gjennom Hardanger som avlastningsveg til E 16 Voss Trengereid. Hardangerrådet tilrår at Fv 7 i slik samanheng vert omdefinert til Riksveg 7 på strekninga Granvin – Trengereid. Her vil Kvammapakken vera ein nyttig samarbeidspart der både Håfjellstunnel og Hardangertunnelen betrar samkvemet Hardanger - Bergen.

8. Turistveg Hardanger og vegutbygging i Hardanger må arbeida saman.

Det er svært positivt at Nasjonale Turistvegar no satsar vidare i eit spleiselag i Hardanger med endring av Turistveg Hardanger og Turistveg Hardangervidda. Utbygging av fossepunkta Vøringfossen Rv 7 og Låtefossen Rv 13 må fullførast i planperioden.

9. Hardangerrådet meiner at reisetida med Bergensbanen Oslo – Bergen må ned til 4t og 15 min i neste planperiode og at større godsmengder må overførast frå vegane til Bergensbanen.

Hardangerrådet er svært positiv til at

- Dobbelspor gjennom Ulriken vert bygd i 2014-2017
- Bergensbanen vert opprusta i samsvar med alternativ K5.

Hardangerrådet forventar vidare:

- Forsering av planarbeidet for Bergensbanen med fullføring av Ringeriksbanen innan 2023 sik at reisetid Bergen Oslo vert 4t og 15 min.

10. Høgfartsjernbanestruktur i Noreg må besluttast i planperioden.

Hardanger forventar ei satsing på Høgfartsbane i SørNoreg og viser til at Haukelibanen er den trasen vest-aust med størst passasjerpotensiale. For Hardanger vil Haukelibanen vera ei sterk vitaminsprøyte for regional utvikling.

11. Dei regionale flyplassane Flesland og Helganes må få rammevilkår til å vidareutvikla seg som internasjonale lufthamner.

Sentraliseringa på Gardermoen må ikkje vera til hinder for at Flesland og Helganes får vidareutvikla seg som internasjonale lufthamner og slik aktivt delta i å utvikla Vestlandet og Hardanger som destinasjonar for internasjonale næringar.

12. Hardanger vil verta ein stor cruisehamndestinasjon.

Ein rasjonell hamnestruktur i Hardanger er avgjerande for å styrkja næringslivet.

Norsk sjø- og hamnestruktur må organiserast slik at den aukande cruisemarknaden får tilfredstillande infrastruktur og rammevilkår. Det er viktig at norske cruisehamner har same rammevilkår som europeiske hamner. Ansvar for hamnene for Hardanger må samlast, både av omsyn til hamneadministrasjon og beredskapsordningar.

- Hardangerrådet ber om at ny seglingslei til Bergen Hamn vert bygt i planperioden.

13. Gang og sykkelvegar langs Riksvegane i landet.

Hardangerrådet er forundra over at gang og sykkelvegar har så låg fokus i NTP 2018 - 2029 og ber om at et vert innarbeide ein eigen handlingsplan for dette.

Lofthus, 27. april 2016

Jostein Eitrheim

Dagleg leiar Hardangerrådet



Hardangerrådet iks



Til

Hordaland fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
samf@hfk.no

Melding om vedtak gjort i Hardangerrådet 17.9.2015

Særutskrift:

Sak 33/15 Høyring Planprogram Regional transportplan 2018-2029

Vedtak:

Hardangerrådet iks viser til Hordaland Fylkeskommune si Høyring av forslag til planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018 - 2029 og gjev slik uttale:

1. Hardangerrådet iks er samd i planprogrammet slik det er presentert i høyringsframlegget. Hardangerrådet iks vil understreka at plantema 5.1 og 5.2 er særst viktige for vekst og utvikling av Hardangerregionen. Vekst i næringar som industri, aquanæring, landbruk og reiseliv er svært avhengige av ei god utbygging av vegnettet og eit tilfredsstillande kollektivtilbod.
2. Hardangerrådet iks er positiv til å delta i styringsgruppa for den vidare planprosessen og gjennomføring av planen.

Kinsarvik 18.9.2015

Med fruktbar helsing Hardangerrådet iks
Jostein Eitrheim
Dagleg leiar
Hardangerrådet iks signerar digitalt



Møtedato 27.04.2016

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 24/16 Vedlikehald av bustad- og jobbopplysningar på hardanger.com. Søknad om midlar frå «restmidlar RNH» innleige av ressurs til vedlikehald 2016 – 2017.

Saksvedlegg:

Sakstilfang:

Saksutgreiing:

Gjennom nettsida www.hardanger.com skal all informasjon knytta til:

- Hardangerrådet
- Etablerartenesta
- Flytt til Hardanger MRK: Jobb og bustad
- Kunst og kultur
- Næringsliv
- Arrangement
- Reiseliv/turist

vera lett tilgjengeleg gjennom ei felles nettside.

Referat frå møte 31.03.2013 under viser tankane som låg til grunn for prosjektet:

www.hardanger.com

NOTAT frå Møte 31.10.2013

Møtte: Anette, Torleif, Marie, Leiv

Det er svært mange heimesider som i dag fortel om Hardanger generelt og spesielt som kommunale heimesider, Hardangerrådet, Flytt til Hardanger, Hardanger 2014, Hardangerportalen, Samhandlingsreforma i Hardanger (del av Kvam herad), Reisemål HF og visist-sidene til reiselivet, Ytre Hardanger Opplæring, Næringshagen i Odda, Kvam næringsråd etc.

www.hardanger.no er dessverre kun ei kommersiell side. Hardanger Næringsråd eig www.hardanger.com som ein no ser for seg som ei felles overbyggingside for Hardanger.

Frå drøftingane:

- Det må etablerast ei www.hardanger.com som felles overbyggjande informasjonsportal for Hardanger.
- Hardangerrådet som stabil robust fellesorgan for regionen Hardanger bør eiga denne portalen.
- Sida erstattar sidene til Hardangerrådet iks, Flytt til Hardanger, Hardanger 2014 og tek inn Hardanger Næringsråd evt andre.
- Skal vera ei informasjonsside til innbyggjarar, tilflyttarar, gjester, næringsliv og overordna styresmakter som stat og fylke.
- Sida bør linkast frå andre heimesider i regionen og ha linkar til endå fleire.

- Merkevere Hardanger bør vera ein sentral del av www.hardanger.com og bør også vera ein gratis ressursbase for grafisk profil med god hardangerinformasjon til bruk for «alle» som har hardangertilknytning som privat eller offentleg verksemd eller frivillig organisasjon.
- Drifta av sida treng ca 20 % stilling og i tillegg er det nødvendig med ei aktiv tilseding av aktuelt stoff får dei mange offisielle og frivillige aktørane som leverer informasjon i Hardanger. Skal ikkje selja annonseplass eller driva produktinformasjon.
- Sida må designast for 2010 og vera tiltalende og logisk å finna fram i. Ikkje nødvendigvis så fancy. Modellen frå www.fjellregionen.no er kopierbar.
- Oppbygginga av www.hardanger.com bør kjøpast av eit profesjonelt firma som t.d. Riss, Orangeriet, Magnat Media, Jana m.fl. Kanskje må dette ut på anbod? Stipulert kostnad kan vera 300.000 kr.
- Teknisk drift av ei ferdig heimeside kan t.d. spørja Kjartan Haugen om.
- Vidare arbeidsgruppe er: Anette, Torleiv, Arne Kristian, Marie/Tone, Leiv og mogeleg Jarle Vestrheim (for noko av arbeidet).

Leiv Vambheim
Notatmakar

Saksvurdering:

For bruken og kvaliteten på denne nettsida er det naudsynt at det vert avsett ressursar til å oppdatera «Jobb i Hardanger og Hus i Hardanger.»

Desse «knappane» skal gje potensielle tilflyttarar korrekt informasjon om kva som finst av ledige stillingar og ledige husvære i Hardanger. Å finna desse opplysningane for 7 kommunar på ei og same nettside vil gje Hardanger eit stort fortrinn mot andre regionar som ikkje har en teneste tilgjengeleg.

For å drifta denne oppdateringsfunksjonen må Hardangerrådet leiga inn ressursar. Det er ikkje kapasitet til at denne tenesta kan utførast innanfor dei ressursar som Hardangerrådet sjølv rår over.

Månadleg kostnad for denne tenesta er ca kr 8.000

Vi tilrår derfor at det vert løyvd kr 200.000 frå restmidlar RNH til innleige av tenester for oppdatering av www.hardanger.com for 2016 og 2017.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet løyver kr 200.000 frå restmidlar RNH til oppdatering av Jobb i Hardanger og Hus i Hardanger på nettsida www.hardanger.com. Løyvinga gjeld for 2016 og 2017.



Møtedato 27.04.2016

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 25/16 Bruk av endra Hardangerlogo.
Søknad frå Reisemål Hardanger Fjord.**

Saksvedlegg:

Uttale frå Helge Møller, Merkevere-Hardanger

Sakstilfang:

Saksutgreiing:

Reisemål Hardanger Fjord har sendt søknad om å få nytta Hardangerlogo med undertekst «Hardangerfjord» istadenfor «Hardanger».

Søknaden har slik ordlyd:

Til Hardangerrådet,

Reisemål Hardanger Fjord har på same vis som andre organisasjonar nytta «Hardangerrosa» i mange år. Me er glad det finnes eit symbol for heile Hardanger som vert nytta på tvers av næringar, som bidreg til ei oppfatning hos besøkande og fastbuande om at dette er EIN region.

Reisemål Hardanger Fjord ynskjer å nytte «Hardangerrosa» med eit tillegg av «fjord» som logo i vår marknadsføring av Hardanger. Grunnen til at vi ynskjer å gjere dette er ganske enkelt at omgrepet «fjord» er noko av det som er best kjend i utlandet i høve til kva ein kan oppleve i Noreg. For ein potensiell utanlandsk turist er det ikkje gitt at Hardanger har noko med fjord å gjere – me må vere sikre på at turisten forstår det. I all omtale av Hardanger retta mot utlandet nyttar RHF omgrepa «Hardangerfjord» «Hardangerfjord region» osv. Hardanger guiden vart døpt om til «Hardangerfjord» i 2013. Eit anna døme er at Fjord Tours etter innspel frå RHF endra navnet på rundturen «Hardanger in a nutshell» til «Hardangerfjord in a nutshell». Omsetnaden gjekk opp. Ved etableringa av Reisemål Hardanger Fjord AS i 1993 tok ein med «Fjord» med tanke på marknadsføring i utlandet. Om det at Hardanger + fjord høyrer saman også kan synleggjerast i bruk av logo, vil det styrkje marknadsføringa av regionen vår. Det vert enklare å få turisten til å velje Hardanger framfor Lysefjorden, Sognefjorden, Nærøyfjorden, Geirangerfjorden og andre fjordar. Resultatet av justert logo vil vere betre marknadsføring, fleire tilreisande, større omsetnad og betre grunnlag for arbeidsplassar og busetnad i Hardanger.

Reisemål Hardanger Fjord søkte i 2014 om tilsvarande endring av denne logoen, fekk avslag, men er no oppmoda om å søkje på nytt.

SKISSE (fontane i «fjord» må vere som i «Hardanger», og utførast profesjonelt)



Me ser fram til å høyre frå dykk.

Med vennleg helsing/kind regards

Hans Jørgen Andersen

Reiselivsdirektør/manager

Reisemål Destination Hardanger Fjord AS

T +47 5655 3870 M +47 411 611 87 www.hardangerfjord.com

Saksvurdering:

Hardangerrådet har ved fleire høve, ikkje minst under Hardangerkonferansen 2015 fått innspel om at Merkevarer-Hardanger må utnyttast betre enn det som er tilfelle i dag.

Ikkje minst innanfor reiselivsnæringa ser vi at leire aktørar burde bruka logoen meir systematisk i si marknadsføring. T.d. er det berre Jondal av Hardangerkommunane som nyttar Hardangerlogoen på si kommunale «Visit»-nettside.

Selskapet Reisemål Hardanger Fjord valde tidleg å bruka ordet «Fjord» i selskapsnamnet då det er dette som gjev koblinga til fjorden og «Fjord Norge».

Det er imidlertid eit klart krav at Hardangerlogoen på ingen måte skal erstatta selskapslogo. Denne skal vera i tillegg til og ikkje istadenfor selskapslogo.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet godkjenner at Reisemål Hardanger Fjord får nytta bruk av «Hardangerfjord» istadenfor «Hardanger» i tilknytning Hardangerlogoen.

Rinaldo Trude

Fra: Helge Møller <hemoller@broadpark.no>
Sendt: 1. april 2016 08:44
Til: Eitrheim Jostein; 'Larsgard, Jon'; Rinaldo Trude
Emne: SV: Søknad om bruk av endra Hardangerlogo
Vedlegg: image001.jpg; image002.jpg; image003.jpg

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

God morgen!

Sist RHF søkte, ba de om at «Hardanger» erstattes med Hardangerfjord i merkevaren. Da avviste Hardangerrådet forslaget, da Hardangerfjord omfatter mer enn de 7 Hardangerkommunene. Nå forstår jeg det slik at RHF vil bruke merkevaren som logo for selskapet og søker om å bruke Hardangerfjord som undertittel for Hardangerstjerna. Som sagt i premissene for merkevaren skal denne komme i tillegg til firmalogo, og betegne opprinnelse, identitet, stolthet og tradisjon. Dersom et firma skal nytte merkevaren som sin egen selskapslogo, med eller uten «-fjord» i tillegg, vil dette etter mitt syn være feil. Da vil omverdenen – og Hardinger – betrakte stjerna som RHF's logo og at det er et reiselivssymbol. Det er gledelig at RHF bruker stjerna i all kommunikasjon, men firmaet har jo sin egen logo i form av brurekrona, og der bruker en Hardanger Fjord i firmanavnet. Stjerna skal så understreke opprinnelsen.

Er derfor skeptisk til dette.

God helg!

Helge

*Helge Møller
Merkevare Hardanger
Øvre Skeie 10
5730 Ulvik
Tel 906 22 907 / hemoller@broadpark.no*

Fra: Eitrheim Jostein [<mailto:Jostein.Eitrheim@hardangerraadet.no>]
Sendt: 31. mars 2016 21:42
Til: Helge Møller; 'Larsgard, Jon'; Rinaldo Trude
Emne: VS: Søknad om bruk av endra Hardangerlogo

Hei !

Vidaresender denne epost frå RHF.
Kva tankar har de om dette ?

Med venleg helsing
Jostein

Fra: Hans Jørgen Andersen [<mailto:andersen@hardangerfjord.com>]

Sendt: 31. mars 2016 14:40

Til: Post Hardangerraadet

Emne: Søknad om bruk av endra Hardangerlogo

Til Hardangerrådet,

Reisemål Hardanger Fjord har på same vis som andre organisasjonar nytta «Hardangerrosa» i mange år. Me er glad det finnes eit symbol for heile Hardanger som vert nytta på tvers av næringar, som bidreg til ei oppfatning hos besøkande og fastbuande om at dette er EIN region.

Reisemål Hardanger Fjord ynskjer å nytte «Hardangerrosa» med eit tillegg av «fjord» som logo i vår marknadsføring av Hardanger. Grunnen til at vi ynskjer å gjere dette er ganske enkelt at omgrepet «fjord» er noko av det som er best kjend i utlandet i høve til kva ein kan oppleve i Noreg. For ein potensiell utanlandsk turist er det ikkje gitt at Hardanger har noko med fjord å gjere – me må vere sikre på at turisten forstår det. I all omtale av Hardanger retta mot utlandet nyttar RHF omgrepa «Hardangerfjord» «Hardangerfjord region» osv. Hardanger guiden vart døpt om til «Hardangerfjord» i 2013. Eit anna døme er at Fjord Tours etter innspel frå RHF endra navnet på rundturen «Hardanger in a nutshell» til «Hardangerfjord in a nutshell». Omsetnaden gjekk opp. Ved etableringa av Reisemål Hardanger Fjord AS i 1993 tok ein med «Fjord» med tanke på marknadsføring i utlandet. Om det at Hardanger + fjord høyrer saman også kan synleggjerast i bruk av logo, vil det styrkje marknadsføringa av regionen vår. Det vert enklare å få turisten til å velje Hardanger framfor Lysefjorden, Sognefjorden, Nærøyfjorden, Geirangerfjorden og andre fjordar. Resultatet av justert logo vil vere betre marknadsføring, fleire tilreisande, større omsetnad og betre grunnlag for arbeidsplassar og busetnad i Hardanger.

Reisemål Hardanger Fjord søkte i 2014 om tilsvarande endring av denne logoen, fekk avslag, men er no oppmoda om å søkje på nytt.

SKISSE (fontane i «fjord» må vere som i «Hardanger», og utførast profesjonelt)



Me ser fram til å høyre frå dykk.


Med vennleg helsing/kind regards

Hans Jørgen Andersen

Reiselivsdirektør/manager

Reisemål Destination Hardanger Fjord AS

T +47 5655 3870 M +47 411 611 87 www.hardangerfjord.com



Follow [VisitHardangerfjord](#) on facebook

